

# Retningslinjer for støtteordningar til landbruket i Forsand kommune

Kommunestyret vedtek følgande retningslinjer for administrative tilskotsordningar innan landbruket i Forsand kommune:

A.

Tilskotsføremål: Følgande tiltak innan landbruket kan gjevast stønad:

- Nydyrking
- Opparbeiding av kulturbeite
- Grøfting av eldre kulturjord
- Lukking og senking av kanalar.
- Jordbruksvegar, beitevegar
- Skogsvegar
- Brønnboring m/vassverk på aktive gardsbruk
- Oppgradering og asfaltering av gardsvegar på aktive gardsbruk
- Mjølkekvote, statens satsar

## Stønad

Tiltak som nemnt under tilskotsføremåla ovanfor får tilskot frå kraftfondet med 35 % av faktisk kostnad ved fellestiltak og einskildtiltak. Kommunestyret vedtek ved budsjetthandsaminga den totale tilskotsrama for det komande året.

## Stønadsvilkår

Det er eit vilkår for å oppnå stønad at prosjektet er planlagt av landbruksfagleg kvalifisert person, at det er søkt, samt at tilsagn føreligg før arbeidet blir igangsett.

Eigen innsats/eige arbeid blir godkjent som ein del av kostnadsoverslaget/søknadsgrunnlaget, og er såleis tilskotsberettiga.

Søkjaren må leggja fram tilfredstillande finansieringsplan for totalprosjektet som ein del av søknaden.

Tilskotet blir utbetalt når arbeidet er ferdig, godkjent og byggjerekneskap føreligg. Ved større prosjekt kan halve tilskotet utbetalast, når minst halve arbeidet er utført.

## Forvaltning

Rådmannen godkjenner den enkelte søknad og førestår utbetaling etter at arbeidet er utført og godkjent.

B.

Tilskot til skogkultur vert gitt etter dagens reglar

C.

For tiltak i landbruksnæringa som ikkje er medteke i «administrative tilskotsordningar» kan gis tilskot frå kraftfondet etter same regelverk som for anna næring.

Ovanfor nemnde regelverk blir innlemma som eige avsnitt i retningslinjene for bruk av kraftfondet.

**Vedteke i kommunestyre den 28. februar 1991, sak 13/91.**

**Med tillegg av endring gjort i kommunestyre den 24. september 2003, sak 03/45:**

Gjeldande administrative støtteordningar for landbruket blir vidareført med fyljande tillegg:

- Støtte til kjøp av mjølkekvote til markedspris, men maksimalt staten sine satsar. Dersom kvoten vert solgt innan 10 år, skal tilskotet betalast tilbake.
- Støtte til tiltak for å redusera tap på utmarksbeite
- Støtte til oppgradering og asfaltering av gardsvegar på aktive landbrukseigedomar
- Tilskotssatsane blir vidareført med **35 %** støtte til einskildbruk og 35 % ved fellestiltak og til tiltak for å redusera tap på utmarksbeite
- Tilskot til næringsbygg og tilskot til kulturlandskap tiltak må få ei nærare utgreiing i rullering av landbruksplanen.

Fondstyret vedtok i møte 07.09.2004 at ny brønngboring med tilhøyrande vassverk på aktive gardsbruk kan frå 35 % tilskot.

Kommunestyret vedtok 23.09.15 at grense som maks kostnad pr. dekar nydyrking er sett til kr 25 000,- og 50 % av dette for beite (kr 12 500). Innvilga og utbetalt tilskot til beite vert trukke frå ved eventuell seinare søknad om nydyrking.

Oppdatert september 2016.